

Fra: Karina Nerland <Karina.Nerland@sogndal.kommune.no>

Sendt: fredag 5. mars 2021 14:03

Til: Arnstein Menes <Arnstein.Menes@sogndal.kommune.no>; Audun Mo <audun.mo@laerdal.kommune.no>; Hilmar Høl <hilmar.hol@ardal.kommune.no>; Ivar Kvalen <ivar.kvalen@luster.kommune.no>; Petter Sortland <Petter.Sortland@hoyanger.kommune.no>; Roy Egil Stadheim <roy.egil.stadheim@vik.kommune.no>; Trygve Skjerdal <trygve.skjerdal@aurland.kommune.no>; Ellen Marie Njøs Lillesvangstu <Ellen.Marie.Lillesvangstu@sogndal.kommune.no>; Gunn Lerøy <Gunn.Leroy@laerdal.kommune.no>; Jarle Skartun <jarle.skartun@luster.kommune.no>; Kjellaug Brekklus <Kjellaug.brekklus@hoyanger.kommune.no>; Steinar Søgård <steinar.sogaard@aurland.kommune.no>; Stig Stark-Johansen <Stig.Stark-Johansen@ardal.kommune.no>; Øistein Søvik <oistein.edmund.sovik@vik.kommune.no>

Kopi: Høyanger kommune <postmottak@hoyanger.kommune.no>; 'post@aurland.kommune.no'; 'post@laerdal.kommune.no'; 'post@vik.kommune.no'; Postmottak Sogndal kommune <Postmottak@sogndal.kommune.no>; Postmottak Årdal kommune <postmottak@ardal.kommune.no>; 'postmottak@luster.kommune.no'

Emne: Prioriterte vegstrekingar i kommunane

Til kommunane v/ ordførar og rådmann

Vestland fylkeskommune sitt arbeid med regional transportplan for Vestland 2022-2033 er i gang.

I samband med Sogn regionråd sitt arbeid til regional transportplan ønskjer vi tilbakemelding på kommunane sine prioriteringar. Vedlagt følgjer oversikt over strekingar som kommunane har meldt inn.

Utbetring av infrastruktur er viktig for å styrke regionen som felles bu- og arbeidsmarknadsregion og for å lukkast med næringsutvikling. Rådet vil vera ein aktiv pådrivar for å sikre gjennomslag for dei prioriterte samferdsletiltaka.

Rådet drøfta arbeidet i sist rådsmøte 19. februar og ser det som ein fordel om kommunane står samla om dei konkrete prioriteringane for utbetring av fylkesvegane. Rådet vil ha dette som tema i neste rådsmøte. Vi vonar derfor at de innan **fredag 9. april 2021** kan melda tilbake kva som er kommunen sine prioriteringar for:

- Fylkesveg
- Rassikring
- Gang- og sykkelveg

Vi ber om at de prioriterer for kvar av desse tre områda og for prosjektet de vil ha øvst dersom kommunen må gjere ei samla vurdering.

Er det andre tema som kommunen ønskjer at rådet skal ha fokus på og som er relevant for arbeidet med regional transportplan kan det spelast inn.

Med helsing

Karina Nerland

dagleg leiar

Sogn regionråd

Tlf 57 65 25 60/908 30 284